

1328/1949.

30. november 1949.

Utskiftingsdirektøren.

Kassasjon av saker i arkiva til utskiftingsformennene.

Svar på brev 15. mars 1949, jfr. brev 17. oktober 1949 (j.nr. 2805/49. U.).

Prinsipielt lyt riksarkivaren hevda at offentlege institusjonar og einskilde embets- og tenestemenn i regelen ikkje bør ha rett til å kassera arkivsaker, og at eventuell kassasjon vanleg skal gå føre seg fyrst etter at sakene er innkomne til eit offentleg arkiv.

Når det gjeld utskiftingsarkiva, er dei både rettsleg, økonomisk og historisk så viktige at ein bør vera sers varsam med å vraka nokon del av dei. Statsarkivarane, som denne saka har vori framlagd for, har til dels røynsle for at utskiftingsdokument som ein skulle tru var heilt verdlause, kjem til nyttes. Riksarkivaren meiner difor at dei dokument og bøker som utskiftingsdirektøren fører opp under punkt 1 a og 2 a og b, i det heile ikkje bør verta makulerte av utskiftingsformennene. Når det gjeld brev av det slaget som er nemnt under punkt 1 b, kunne ein tenkja seg at dei i regelen ikkje har serleg verd, og at det kan vera forsvarleg å makulera dei når utskiftingssaka er slutta. Men ein går ut frå at det ikkje er så store mengder av slike brev at det er nokon mon i å kassera dei, og vil difor rå til at heller ikkje dei vert vraka.

Etter fullmakt

